



Vår ref.: 2021/2192-3

Dato: 03.09.2021

Til: Rådsorgana i barnehagar og skular, tilsette og andre som har interesse i saka.

Vedlegg: reviderte vedtekter

Høyringsbrev - reviderte vedtekter for SFO

Kvinnherad kommune sender med dette framlegg til reviderte vedtekter for SFO på høyring. Dette i tråd med fvl. § 37. Høyringsperioden er sett til seks veker frå 10.09.21.

Høyringsinstansar er rådsorgana i barnehagar og skular, tilsette og andre som har interesse i saka. Frist for å gi høyringsuttalar er sett til 22.10.21.

Bakgrunn

Kommunedirektøren har i medhald av i opplæringslova § 13-7 første ledd utarbeidd framlegg til reviderte vedtekter for SFO.

Revisjon av dei kommunale vedtektene for SFO vert gjort med bakgrunn i endringar i nasjonale reguleringar og kommunale vedtak:

1. Innføring av nasjonale moderasjonsordningar:
 - Redusert foreldrebetaling for elevar i 1. og 2. klasse, frå 01.08.20
 - Gratis SFO for barn med særskilde behov på 5. -7. årstrinn, frå 01.08.20
 - Reduksjon i foreldrebetaling for elevar i 3. og 4. klasse, frå 01.08.21
2. Innføring av ny nasjonal rammeplan for SFO frå 01.08.21
3. Vedtak i Kvinnherad kommunestyre 29.05.21: *Grensa for å starte opp SFO- tilbod ved den einskilde skule skal reduserast til 3 elevar.*

Innhald

Kommunale vedtekter for SFO skal sikre informasjon som gir føresette grunnlag til å vurdere innhald og kvalitet i høve til pris. I tillegg skal vedtektene sette rammer som sikrar at tilbodet er føreseieleg. Kommunalt vedtekne vedtekter er forskrift som gir rammer og regulerer SFO-tilbodet i kommunen.

Vedtekter for SFO skal regulere:

- a. eierforhold
- b. hvem som er opptaksmyndighet
- c. opptakskriterium
- d. opptaksperiode og oppsigelse av skolefritidsplassen
- e. foreldrebetaling
- f. leke- og oppholdsareal
- g. daglig oppholdstid og årlig åpningstid
- h. bemanning og ledelse

Høringa

Høringa skal gi moglegheit for foreldre, føresette, barn og unge til å seie si meining.

Alle kan sende inn høyringsuttale. Ei uttale kan vere privat, eller ei samla uttale frå t.d. rådsorgan som FAU, elevråd eller liknande.

Dersom det er ønskeleg å lese meir om bakgrunn for revideringa, kan dette vere nyttige lenkjer:

1. Noverande vedtekter for SFO [her](#)
2. Tillegg til vedtektene – moderasjonsordningar [her](#)
3. Tilbod og betalingsattsar per i dag [her](#)
4. Regelverk for skulefritidsordninga (SFO) [her](#)

Høyringsbrevet vert sendt til leiinga ved alle barnehagar og skular og hovudtillitsvalte

Me ber om at barnehage- og skuleleiinga og tillitsvalt formidlar høyringsbrevet vidare til rådsorgan (FAU, SU, elevråd) og plasstillitsvalt og tilsette i eiga eining.

Innsending av høyringssvar

Høyringsuttalar skal sendast til post@kvinnherad.kommune.

Merk: SFO - høyring

Frist for innsending: XX.10.21

Høyringsuttalane er offentlege etter *offentleglova*, og vil bli publisert på Kvinnherad kommune si postliste.

Oppfølging av høyringa

Forslag til vedtekter for SFO vert gitt til Levekårsutvalet 17.11.21. Etter vedtak i Kvinnherad kommunestyret 16.12.21 vil nye vedtekter vere gjeldande frå 01.01.22

Sektor oppvekst

06.09.21